



SELJE KOMMUNE
Rådmannen

Ingrid

Sakshandsamar:
Gunn R.V.Helgesen

KOPI

HELSE FØRDE

Førde sentralsjukehus
6807 FØRDE

Mottatt HV RHF

3 JAN 2007

Dykkar ref.

Vår ref.
06/00689-2/H06

Dato:
02.01.07

Ambulansetjeneste i Nordfjord.

Vedlagt oversendes uttale frå Selje kommunestyre gjort i møte 20.12.2006.

Med helsing

Gunn R.V. Helgesen
ordfører

Kopi til: Helse Vest

Postadresse:
Rådmannen
6740 Selje

Telefon:
57 85 85 00
E-post: post@selje.kommune.no

Telefax:
57 85 85 01

Ambulansetenesta i Nordfjord.

Viser til budsjett 2007 innsparingstiltak Prehospital klinikk Helse Førde

Selje formannskap / Selje kommunestyre vil på det kraftigaste protestere på at Selje kommune vert utan ambulanse.

Ei endring av ambulansetenesta som omstillingskravet føreset er av ein slik karakter som det må vere vanskeleg å forsvare fagleg og at slike endringar vil få store konsekvensar for tenestetilbodet.

Dette vil gje ei auke i responstida frå 1,5 til 2,0 timer slik at den totale tida for transport til sjukehuset blir frå 5 til 5,5 timer.

Ved akutt oppdrag er det stor fare for at pasienten vil miste livet.

Ut i frå erfaring/prognoser så er det 160 døgn i året der helikopter ikkje kan rykke ut til ytre dvs.

Stadlandet. Ved bl.a. slagtilfelle har tidsramma svært mykje å seie for kor store skadane blir.

Selje kommune har i dei seinare år vore fråflyttingskommune, folketalsnedgangen er eit problem for Selje kommune.

Innbyggjarar pr. 1.1. 2006:2958

Pr. 1.10.06 var folkemengda 2922 ein nedgang på 36 frå 1.1.06.

Ut i frå det som er nemnt i innsparingstiltaka for 2007 vil det bli ei endå større belastning for Selje kommune når det gjeld fråflytting.

Når dette som her er nemnt kjem i tillegg til stenging av fødeavdelinga ved Nordfjord sjukehus kan det lett bli endå meir dramatisk for Selje kommune når det gjeld fråflytting.

Dette er nok eit overtramp. Dette kan eller vil vi ikkje finne oss i.

Selje kommunestyre 20.12 06.